



LINDÅS KOMMUNE

TEKNISK SJEF  
5100 ISDALSTØ  
TLF. 350555

IT:RF

2.7.82

58.54

Bjørg Høgheim  
Leitet 133  
5000 BERGEN

Vedr. naust til Leif Glenjen, gnr. 58 bnr. 54.

Dykkar skriv datert 25.6.82

I bygningsrådssak nr 334/79 godkjende Lindås bygningsråd oppføring av naust på gnr. 58 bnr. 54. Dykkar kvittering for motteke nabovarsel låg ved saka. Ragnar Lygre som eig strandlinja mellom Dykkar eigedom og Leif Glenjen sitt naust hadde heller ikkje noko å merka til at det vart sett opp naust på tomta. Nabovarsel til Dykk hadde såleis, strengt teke ikkje vore turvande.

Dei godkjende teikningar syner eit naust på 4,5 x 8m plassert i sjøkanten der søkjaren har ei naustetomt på 6x12m. Det oppførde nauste er ca. 4,5x6,5m, og er såleis noko mindre enn det godkjende. Høgda er som på dei godkjende teikningar.

Når det gjeld plasseringa, syner det seg at naustet er plassert utanfor den tomta som vart oppmerka ved skylddelinga.

Dette tilhøvet vert ei sak mellom Leif Glenjen og grunn-eigaren Ragnar Lygre, då det er byggherren sitt ansvar å sjå til at eit bygg vert sett opp på eigen grunn.

Etter godkjend situasjonsskisse skulle naustet plasserast i sjøkant.

../..

Med sjøkant er å forstå merke for middelasstand. Då naustet står med framkant på dei utsprengde steinmassane frå tomten, er det idag vanskeleg å fastslå nøyaktig kvar sjøkanten er. Etter synfaring vurderer ein det likevel slik at naustet ikkje er trekt unødvendig langt fram.

Med denne utgreiinga seier vi oss ferdige med saka.

*Før*  
Martin Varden  
teknisk sjef

*Steinar Abbe*

*Ivar Thorsheim*

Ivar Thorsheim  
ingeniør

Kopi til: Leif Glenjen  
Ragnar Lygre.